

KVINNHERAD KOMMUNE
v/ ordførar Hilde Enstad

Viser til oppslag i Grenda av 16. nov. 2021 - der kommunedirektør Ragnhild Bjerkvik stadfester overfor formannskapet at tilsette ved landbrukskontoret ikkje verdt erstatta når to av dei viktigaste personane går av med pensjon.

I Kvinnheringen av 23. nov. 2021 gjentek sektorleiar Anbjørn Høivik den same stadfestinga som Bjerkvik kom med i møte den 11. nov.

Argumentasjonen til kommunedirektøren og sektorleiaren er at det skal sparast pengar og budsjettet skal ned. Dei tek til orde for at digitalisering gjer mykje, og at ein skal nytta dei resursane dei har på andre felt som og har mykje med landbruk å gjera, dei resursane kan nyttast slik at det kan koma landbruket til gode.

KVINNHERAD/KVAM BONDE OG SMÅBRUKARLAG har fylgjande merknader:

- 1. Framgangen til landbruket i Kvinnherad skuldast god fagleg rettleiing, personleg interesse og engasjement for landbruket i heilskap.**
Dette er auke i produksvolumet og fleire bønder eit godt bevis på.
- 2. Vi har hatt ei regjering som har fusjonert og slanka all forvaltning i målretta system.**
Men det er verdt å minna om at vi no har fått ny regjering og ein landbruksminister som ser både landbruk og distriktpolitikk med nye handlingsmåtar, samt at det vert arbeida for ei opptrapping på landbrukssektoren på landsplan.
Difor kan ein undra om kommunen her ikkje greier å omstilla seg framover, men at dei skal heller byggja ned eit kontor som har bidrege til opptrapping av aktiviteten i kommunen.
- 3. Undersøking hjå brukarar i Kvam og Ullensvang der landbrukskontora har lege under næring, byggesak, samfunn og kultur kjem med fylgjande svar til oss:**

-kjemp for å få behalda eige landbrukskontor, det som er/har ei viktig posisjon i kommunen dykkar

-kjem det inn under andre saksbehandlarar/avd., så er ikkje fagkunnskapen god nok, og med manglande kapasitet til å få unna saker og behandling av søknader

KONKLUSJON FRÅ BEGGE KOMMUNANE ER AT; landbruket er og har ei svært viktig rolle for all utvikling i kommunane.

Kvinnherad/Kvam Bonde- og Småbrukarlag vil be om at kommunen med politikarar no tek ei revurdering og lyttar til næringa/brukarar som genererer arbeidsplassar i kommunen vår.